

Bruksendring frå bustad til fritidsbustad skal sendast inn av fagfolk på ordinære byggesøknadsskjema utarbeidd av Direktoratet for byggkvalitet.

Søknaden må for det første være i samsvar med kommunen sine planar (reguleringsplan eller kommuneplanen sin arealdel). Dersom dette ikkje er tilfelle må det søkjast om dispensasjon. Søknadar om dispensasjon sendast inn på eige ark.

Vi skal ha følgjande:

- Søknad om løyve til tiltak – blankett 5174
- Opplysningar om tiltakets ytre rammer – blankett 5175
- Opplysningar gitt i nabovarsel – blankett 5155
- Kvittering for nabovarsel – blankett 5156.
- Erklæring om ansvarsrett frå alle relevante fagområder, herunder ansvarleg søker, prosjektering og utføring. - blankett 5181

Vi skal også ha plan, snitt- og fasadeteikningar samt situasjonsplan

Alle blankettane finst på nettsidene til Direktoratet for byggkvalitet:

<https://dibk.no/byggesaksblanketter>

#### *Forholdet til tekniske krav – byggtekniske forskrift 2017*

Når det gjeld tekniske krav er utgangspunktet at dagens reglar gjeld (dvs byggteknisk forskrift 2017).

I slike saker vil det også vere snakk om tiltak på eksisterande byggverk som reguleres av plan- og bygningslova § 31-2. Etter denne føresegna kan kommunen på nærmare vilkår gi løyve til bruksendring også når det ikkje er mogleg å tilpasse bygget til tekniske krav utan uforholdsmessige kostnadar.

Ved søknadar om unntak frå byggtekniske krav skal det gjerast greie for avvik frå lov- og forskriftskrava. Det må gjerast greir for for kompenserande tiltak. Det må også gjerast greie for ekstrakostnadane ved å stette krava i byggteknisk forskrift. Det er ikkje høve til å gjere generelle unntak frå byggtekniske krav. Alle unntak frå regelverket skal gjerast etter ei konkret vurdering i den einskilde saka. Ved vurderinga blir det lagt vekt på å sikre forsvarleg gjennomføring av regelverket

Dersom huset etter ein søknad om bruksendring blir endra til fritidsbustad, vil det ikkje vere lov å bruke som bustadhus. Skal huset nyttast til bustadhus blir det ny søknad om bruksendring.

Har du fortsatt spørsmål ta kontakt med byggesakshandsamar Haakon Stauri Begby eller Birgitte Eitrem Landmark.

[Haakon.stauri.begby@luster.kommune.no](mailto:Haakon.stauri.begby@luster.kommune.no)

[Birgitte.eitrem.landmark@luster.kommune.no](mailto:Birgitte.eitrem.landmark@luster.kommune.no)